

Årsplan for Bokn barnehage 2019/20

Ein autoritativ barnehage med vekt på bærekraftig utvikling og friluftsliv.



Visjon: «Kjekt i barnehagen, der lærer vi heile dagen».

Hovudmål: «Trivsel og godt sjølbilde gjennom autoritative vaksne».



Bokn kommune eig og driv barnehagen, og han vert opna i 1978. Vi har i dag 84 plassar, og tek imot barn i alderen 6 mnd til 6 år. I år er det 3 avdelingar. Barnehagen vert driven etter "Barnehageloven og forskrifter" av 2013, og "Rammeplan for barnehagen» av 01.08.2017. Bokn barnehage har sine egne vedtekter som ligg ute på nettet: www.bokn.kommune.no Opningstida er frå **07.00 til 16.30** - tlf. til styrar: 52752575 eller 92432206 anne.ottem@bokn.kommune.no

I SU sit:

For foreldra - 2 reeperesentantar
 For personalet - 2 representantar
 For kommunen - 1 frå kommunestyret



Kva får eg å sjå.....

Styrar har møte, - forslags, og - uttalerett i SU

Dei tilsette i år:

Småtroll:

Oddrun Nilssen	pedagogisk ledar	80%
Cecilie Odland	fagarbeidar	89%
Åse Vatnaland	fagarbeidar	80%
Zuzanna Ufnal	assistent	20%

Bjørnane:

Silje K. Gismarvik	pedagogisk ledar	100%
Marit Elin Våge	assistent	80%
Olaug Jacobsen	førskulelærer	40%
Julianne Nilssen	pedagogisk ledar	100%
Zuzanna Ufnal	assistent	20%

Bokn Bruse:

Tone Børgesen	pedagogisk ledar	100%
Marianne Lie	fagarbeidar	80%
Rita Nesvik	fagarbeidar	50%

Tone Merete Øvstedal har permisjon.

Anne Ottem	styrar	100%
------------	--------	------

Dagsrytmen:

Kl 07.00	- barnehagen opnar
Kl 08.00 til 08.30	- frukost
Kl 08.30 til 09.30	- frileik
Kl 09.30	- byrjar aktivitetar
Kl 11.00	- et me lunsj
Kl 12.00 til ca. 14.00	- frileik ute eller inne
Kl 14.00	- fruktmåltid
Kl 16.30	- barnehagen stengjer



Mykje spanande under ei grein....

Kjernetida i barnehagen er 09.30 til 14.00 - da har vi aktivitetar, samlingstund og går på tur. Resten av dagen er det frileik ute eller inne til barnehagen stenger kl. 16.30. Det vil variere litt når vi et på begge avdelingane. Det kjem an på når vi avsluttar aktivitetar. Vi vil vera fleksible, slik at vi ivaretek barna sine behov for når det blir naturleg å avslutte ein aktivitet. Dei dagane vi er på tur, går vi ca. 09.30 og er til bake ca. 13.30.

Tilvenning.

God og trygg tilvenning er viktig for både barn og foreldre, og alle barn får eit brev med opplysningar om barnehagekvardagen og kva vi forventar i forhold til utstyr, før dei startar. (Sjå kapittel om tilknytting og trygg base) I Bokn barnehage set vi av 3 dagar til tilvenning. Av og til ser vi at barnet treng fleire dagar for å bli trygge på dei vaksne, og i lokala. Då vert foreldra veileda i å være lengre hjå barnet. Foreldra blir også med på dei fyrste bleieskifta, fyrste måltidet, og får leggje barnet til å sova i vogna si den fyrste gongen. Dette gir foreldra god insikt i barnet sin nye kvardag. I forkant av tilvenninga får foreldra tilbod om å komme på besøk ein eller fleire «bli kjent»dagar. Då visar vi rundt på avdelinga, og helsar på dei vaksne. Når barnet byrjar, er det primærkontakten som tek seg av barnet den fyrste tida. I løpet av dei 3 fyrste vekene tek pedagogisk leidar initiativ til ein oppstarsamtale med foreldra.

Måltider hjå oss: Vi serverar 3 måltid. Frukost, lunsj og fruktmåltid. Frukosten startar ca. kl. 08.00, og lunsj ca. kl. 11.00. Fruktmåltidet startar kl. 14.00, og da får alle tilbod om ei halv brødskeive, før frukten kjem på bordet. Måltida i barnehagen skal være prega av ro, glede og innlæring av gode bordvanar. Vi syng før maten for å skape ro, og takkar når vi går frå bordet. Samtalane kring bordet skal dreie seg om dagens gjeremål og tema som barna er opptekne av. Vi ynskjer å ha ei bevisst haldning til ernæring, og snakkar med barna om sunne matvanar, og kva som er bra for kroppen, og kvifor vi skal ete variert kost. Foreldra betalar for måltida.

Samarbeid med andre kommunar.

Bokn barnehage samarbeidar interkommunalt med dei andre kommunane i Nordrogaland - Haugesund, Karmøy, Tysvær og Utsira. Vi har ein felles plandag kvart år. Vi samarbeidar og med PPT og barnevernet i Karmøy.

Møteverksemd/Evaluering/Dokumentasjon

Vi har avdelingsmøter og pedagogisk ledarmøte ein gong i veka, og evaluerar gjennom avdelingsmøta, der planane frå sist veke blir evaluerte og diskuterte. Samspelet barna imellom, personalet imellom, og samspel barn - personal, vurderast vekentleg på dei same møta. Pedagogikken diskuterast og evaluerast også i ped. - leiarmøta med styrar, og i refleksjonsrundar på personalmøte der alle i personalet er tilstades. Det vert laga referat frå alle desse møta. Vi dokumenterar arbeidet vårt gjennom å laga dagsrapportar/opplevelsesarena på **Vigilo** i tekst og bilde. I denne dokumentasjonen legg vi og til kva for fagmråde vi har jobba med i forbindelse med dagens aktivitet. Vigilo er eit dataprogram laga for barnehagar til dette føremålet. Alle foreldra får eit passord og kan gå inn på sitt eige barn på nettet og fylgje med på kva aktivitetar dei har vore med på gjennom dagen. Vi registrerar barn og vaksne inn/ut, legg inn sovetider, og kan kommunisere elektronisk med foreldra. (Sendar beskjedar til kvarandre elektronisk). Vi publiserar månadsplanane på Vigilo, og dei fungerer og som dokumentasjon. Dei eldste barna får og lov til å ta bilete sjølv når dei er på tur. Desse bileta vert skriven ut, og hengt opp på ein plakat i garderoben - «dagens fotograf» dokumenterar opplevingane.

Målet er: Å gi administrasjon og foreldre innblikk i kvardagen, slik at dei kan fylgje med på at barna får gode opplevingar og at pedagogikken står i forhold til måla i lovar og reglar. Med dette programmet kan ein lett ta ut statistikk, på for eksempel fråver, og det er med det eit godt hjelpemiddel for administrasjonen. Foreldra må skrive under på at me får lov til å legge bilete av barna ut på nettet, når dei byrjar i barnehagen. Vi snakkar også med foreldra når barna vert henta, og fortel gjerne litt kva dei har halde på med gjennom dagen. Referat frå møteverksemda er også dokumentasjon. **Årsplanen**, og **Årshjulet** fungerer som dokumentasjon for kommunen, foreldre og andre samarbeidspartnarar utanfor verksemda. **Hovudmålet** med dokumentasjonen er å gi foreldre og kommunen som barnehagemynde informasjon om kva barna lærer og opplever i Bokn barnehage.



Ut på tur ...

Verdigrunnlaget i barnehagen.

«Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet». Sitat tatt frå s. 7 i Rammeplan for barnehagem av 01.08.2017. «Verdigrunnlaget i barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapeleg tilnærming til barna si utvikling». Sitat tatt frå s. 1 i Rammeplan for barnehagen av 01.08.2017.

Vi vil byggje verdiforankringa vår på fellesverdier i samfunnet som:

Respekt/likeverd: - å akseptere kvarandre, ha positive haldningar, sjå utover seg sjølv og stille spørsmål som: " kva meiner du" for å unngå misforståingar.

Audmjukheit: - ha respekt for at andre kan ha erfaringar som er verdifulle og kunne innsjå at dei har bedre løysingar enn ein sjølv. Lytte og ta inn det andre seier, og dermed kome fram til løysingar begge partar kan godta.

Ærligheit: - når ein har samsvar mellom ord og handling.

Ansvar: - ansvar for eigne haldningar og vere villig til å få teste desse ut gjennom feedback frå kollegaer. Ansvar for å vera oppriktig engasjert.

Målet med desse er: - at dei skal prege kvardagen på ein slik måte at barna tileignar seg verdiane. Gjennom heile barnehagedagen er dei vaksne rollemodellar for barna, og vi ynskjer å skape eit miljø som er prega av desse verdiane i både ord og handling. Dette byggjer på ei haldning om likeverd og ein anerkjennande relasjon mellom barn og vaksne.

Pedagogikk i Bokn barnehage.

Vi har no implementert ny pedagogisk plattform i barnehagen. Den er basert på programmet "være sammen" som er utarbeidet av Pål Roland, 1. amanuensis, og Ingunn Størksen, også 1. amanuensis. Begge jobbar ved Senter for Adferdsforskning ved UiS. Dette er eit pedagogisk program som baserar seg på nyare forskning, og **målet** er at dei vaksne skal lære å møte barna gjennom positiv perspektivtaking. Vi er no ein såkalla autoritativ barnehage, og dei vaksne har tatt til seg og praktiserar autoritativ tilnærming til barna. Det vil sei at ein møter barnet med blick- kontakt, empati og lytting som fremjer relasjonen mellom barn og vaksen slik at det er tillit imellom dei. Når barna er trygge i relasjonen til dei vaksne, tør dei å gje uttrykk for følelsar og meiningar, og fremje sine eigne behov (basert på forskning). Dei vaksne skal lære barna om normar og samhandling i felleskapet, og støtte barna i å sette eigne grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar.



Mobbing: Gjennom perspektivtaking og observasjon skal dei vaksne lære barna om initiativ, samspel og vennskap. Om ein oppdagar eventuell mobbeadferd og utestenging, har vi egne rutiner for korleis dei skal hanterast - det kjem an på kor alvorleg det er. **Ein defenisjon** på mobbing er at det er erting/baksnakking av ein eller fleire som held på over noko tid. For å forebyggje dette er det viktig at dei vaksne held seg i nærleiken, og engasjerer seg i barna sin leik heile tida. I kvardagen er det viktig at dei vaksne fremjer positiv adferd gjennom gode tilbakemeldingar til kvart barn som visar metodar for empati og vennskap, og verbalt gjer uttrykk for det. Ein kan til dømes la barna få uttrykkje positive eigenskapar hjå kvarandre i samlingstunda, og her skal det og snakkast om respekt, grensesetting og kva eit vennskap er. Det skal være lav terskel for å sei ifrå om dårleg adferd. Om ein oppdagar mobbeadferd skal tiltaka evaluerast kontinuerleg på avdelingsmøta, og i ped. - ledarmøte i lag med styrar. Vi har egne rutiner mot mobbing.

Ny rammeplan. Våre progresjonsplanar i forhold til fagområda er nå fornya, og skal speile måla i ny rammeplan. Vi vil fortsatt prioritera å jobbe med bærekraftig utvikling, og livsmeistring og helse. I 2019/2020 vil vi og prioritera språk ved å ha meir systematiske opplegg når det gjeld lesing. Vi kommer mellom anna til å ha faste tider til bibliotekbesøk, og språkgrupper ein gong i veka. Vi har vore gjennom dei fleste kapitla i ny rammeplan gjennom året, og ser at Årsplanen vår inneheld alle temaene. Alle kapittel i ny rammeplan er nå med i årsplanen for 2019/2020.

Bærekraftig utvikling, og Livsmeistring og helse.

Barnehagen ynskjer fortsatt å leggje større vekt på å forklara og involvera barna i kva bærekraftig utvikling er, og gje dei forståing for korleis vi skal gjere ting i kvardagen for å bevare miljøet og framtida vår. Blant anna vil vi ta barna meir med i avfallshandtering og sortering, og fortelje dei kvifor vi ikkje skal forsøple med plast og andre ting som er farlege for miljøet. Vi skal spegla kulturen i Bokn når det gjeld fiske som næringsveg, og at ein levde av fiske frå gammalt av. I nyare tid har ein fått oppdrettsanlegga rett utanfor stovedøra, og det vert derfor naturleg å snakke med barna om prosessane i denne næringa. Vi har som **mål** å besøke eit smoltanlegg på øya med dei eldste barna i løpet av året. Det vert gardsbesøk, og informasjon om husdyrhald. Barna får og vera med på lamming. Barnehagen har starta med grønnsakshage på leikeplassen i nord. Grønnsakene og deira gode eigenskapar vert tatt inn som ein del av det å gje barna forståing av kva god helse er. På denne måten gjer vi barna forståing av kor maten kjem ifrå, og at vi må ta vare på havet og naturen for å bevare mangfaldet på jorda.

Helse er også psykisk helse, og barnehagen skal leggja til rette for at barna skal kunne gi uttrykk for eigne behov, og føle seg beskytta i relasjonar med dei vaksne - tidleg tilknytting - jamfør relasjonsbygging i «Være sammen» programmet. (Sjå også kapittel om tilvenning) Rammeplanen seier at barnehagen skal representera trivsel, livsglede, og det å ha fokus på meistring og oppbygging av eigenverdi. For at små barn skal kunne byggje tillit til dei vaksne, er det viktig med forutsigbarheit og faste rutinar. Det må skapast stabile samspel i små grupper for at barna skal verte trygge. Forskar Cecilie Stanghelle ved Nasjonalt Senter for Læringsmiljø og Adferdsforskning seier ein skal byggje grunnleggjande tillit, og at dette er ein av dei viktigaste faktorane for barnas utvikling og vekst (Kvillo 2015). Grunnleggjande tillit til verda utviklast i dei 2 første leveåra av barnas liv, og derfor skal barnehagen, representert ved dei vaksne, vera ein trygg base. Barna skal kunna venda tilbake til den trygge basen om dei opplever noko som føløst som ein trussel eller fare. Trygg base er med på å forebyggje psykiske plager seinare i livet. Nyare forskning (Shonkoff mfl 2010) viser også at utrygg tilknytning påvirkar den fysiske helsa, slik at immunforsvaret går ned, og nervesystemet blir belasta. Ein ser kor viktig det er med stabile og trygge vaksne i barnehagen for at barna skal utvikle god fysisk og psykisk helse. I Bokn barnehage delar vi barna inn i små grupper store delar av dagen for å ha oversikt, og byggja empatiske relasjonar til kvart enkelt barn - væra tett på.

I vår barnehage skal vi også ta i bruk programmet «psykologisk førstehjelp» som er utvikla av Solfrid Raknes - Psykologspesialist.

Her lærar vi barna om eigne følelsar, korleis ein skal gjenkjenne dei, og koeis ein kan takle dei. Programmet passar best for barn frå 4 år og oppover. Det er då dei vert merksame på at dei har eigne tankar. Nyare forskning (i fylje Pål Roland, førsteamanuensis ved læringsmiljøsentret ved UiS) viser at barn er født med forskjellig lynne, og at ein utrykkjer følelsar på forskjellige måtar og i forskjellige grader. Med det meinast at nokre vert fortare sinte enn andre, nokre kan verte redd for ting som eigentleg ikkje er farleg, mens andre igjen har låg terskel for å verta nedstemte. Det er viktig at dei vaksne er merksame på desse perspektiva, og at dei lærer barna å ha aksept for at vi er ulike. Psykologisk førstehjelp består av forskjellig psykopedagogisk materiell som vi vil bruke i arbeidet med å stimulere barnas bevisstheit om eigne tankar og følelsar. Materiellet skal brukast til å fokusere på den indre dialogen, og korleis barna kan lære å «snakka» seg sjølve opp om dei sliter. Her kjem dei raude og grøne tankane inn. Dei skal lære barna å kjenne att gode (grøne) tankar, og negative (raude) tankar - materielle skal brukast til å vende dei raude tankane slik at den indre dialogen kan snues til positive tankar.

Målet er at barna skal kunne bruke kunnskapen i samspelsituasjonar.

Friluftsliv. Barnehagen skal halde på kulturen i Bokn når det gjeld turgåing og friluftsliv. Uteliv er også eit nasjonalt satsingsområde, og vi skal gjenkalle opplevingane ved å laga forteljingar av dei i etterkant av turane. Dette bevisstgjer barna i forhold til ver, kva som påverkar dyr og menneske i naturen, og korleis me skal bruke naturen for å ta vare på han. **Målet** er at vi legg grunnlaget for dialog og gode samtalar kring bærekraftig utvikling. Forsking visar også at ved å bruke kroppen gjennom å gå, springa, balansera, og hoppe, utviklast hjernen bedre og raskare (dei kognitive evnene).

Mål: Turane i Bokn barnehage skal vera prega av glede, meistring og kroppslege utfordringar. Turane skal ha eit pedagogisk innhald. Til dømes skal ein ha med fuglemat og hengje opp i trær i nærområda, lytte til fuglelydar observere forskjellige insekt i sommarhalvåret, studere vekster og blomar og gje kunnskap om kva dei gjer for menneska. **Mål** for friluftslivet i Bokn barnehage skal vera at alle barna skal gå på tur i nærmiljøet minst ein gong i veka. Vi delar barna inn i turgrupper. Av og til etter alder, og av og til på tvers av alder. For barna over 3 år ynskjer vi i tillegg å bruka kommunebussen for å kome oss på turar litt lengre vekk frå barnehagen. Det er positivt å komme ut i ulendt terreng, og klatre i trær for å øve opp sjølvbilette i forhold til eigen kropp.



Språk i Bokn barnehage.

«...dei tilsette skal skape eit variert språmiljø, eit mangfald av kommunikasjonformer og dialekter slik at barna lærer å leike med språk, symbol og tekst. Gjennom dialogisk lesing og refleksjon skal dei lære å bruke språket både muntleg og skriftleg som kilde til innhenting av kunnskap og tidleg begrepsforståing». Sitat tatt frå Rammeplan for barnehagen av 01.08.2017.

Udir sitt program: «SPRÅKØYPER» er vi no i gang med, og ynskjer å jobbe oss igjennom alle løypene dette og neste barnehageår. Det er ein nasjonal strategi for språk, lesing og skriving som er nettbasert, og utvikla av forskarar ved nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning. (UiS) Prosjektet legg vekt på tidlig innlæring av språket som ein føresetnad for leik og læring. Forsking visar som eit eksempel at dei barna som slit med språket, ofte er dei som fell utanfor i leiken. Og når ein veit at leiken er det som utviklar barna mest, (påstand bygd på nyare forskning) ser ein kor viktig tidleg språklæring vert. Dei tilsette lærer mellom anna om effektiv innlæring av ord og begreper, og dialogisk lesing av bøker i løypene. **Mål:** Barna i Bokn barnehage skal ha tilgang på ulike språklege uttrykk som rim, regler, songar, bøker og bilete. Dei skal få tilgang på ulike former for samtalar der dei kan undre seg, fortelje og få stille spørsmål. Dei skal og få formidla eventyr og segner gjennom tekst og ved bruk av konkretar. Dette utvidar ordforrådet, og lysta til å bruke språket i leik og aktivitetar, slik at dei utviklar kommunikasjonskompetansen sin.

IKT i barnehagen.

Målet er: - barna i Bokn barnehage skal bli trygge på å bruke IKT - utstyr som reiskap til læring, og innhenting av kunnskap. Personalet skal utøve digital dømmekraft, og bidra til at barna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medier. Det er eit mål på nasjonalt plan at Norge skal ligge i forkant i verda når det gjeld bruk av data/digital kompetanse. Vi har 8 I - ped`ar på huset til bruk for barna, og dei skal berre brukast under tilsyn og rettleiing av vaksne. Vi har BLU BOT til dei eldste barna. Det er små robotar som beveger seg etter slik dei vert programerte. Barna lærer å programera BLU BOTANE i lag med ein vaksen. Barna får og bruke fotoapparat både inne og ute, og **målet** er at dei skal kunne skrive ut bileta for å slå dei opp på ein plakat på veggen i barnehagen - det blir ei gjenkalling av opplevingane. Vi legg no ein IKT - plan etter mal frå den nye rammeplanen.

Likestilling.

I rammeplanen av 01.08.2017 står det : Stat: «Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk , etnesitet, kultur, sosial staus, språk, religion og livssyn.». Sitat tatt frå s. 10 i Rammeplan for barnehagen av 01.08.2017. Med utgangspunkt i ovanstående skal dei tilsettes eigne haldningar drøftas i ped.- leiarmøte, avdelingsmøte og personalmøte. Barna si oppfatning av seg sjølv - skal også snakkast om i barnemøter og barneintervju. Vi skal fremje toleranse for ulikskap i samtalar, gjennom bruk av litteratur og forteljingar. Det er viktig at barna lærer seg å sette ord på si eiga oppfatning av seg sjølve, og opplevingar i samhandling med andre.

Foreldresamarbeid. Barnehagelova sin §1 seier om formål:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling». Sitat tatt frå s. 13 i Barnehagelova og forskrifter av 2013.

Mål: «Bokn barnehage skal gi barna gode oppvekst og utviklingsmoglegheiter, og skal fremja gode samarbeidsforhold ved å ha åpen dialog med foreldra. Dei tilsette må vera lydhør for foreldra sine meiningar om eige barn til ei kvar tid». Foreldra og barnehagepersonalet er dei viktigaste vaksne i barna sine liv. Det er derfor av stor betydning at vi lyttar, og har ein open dialog med dei. Dei pedagogiske ledarane skal ha ein foreldresamtale i løpet av året, og tilbod til foreldra om fleire om dei ynskjer det. Vi vil også ha ein oppstartsamtale etter at barnet har byrja hjå oss, for å vera lydhør for barn og foreldre sine behov. Vi ber foreldra om å få bilete av familien til barnet. Desse vert hengt opp på veggen, slik at barna kan sjå på dei, og snakke om/gjenkjenne familiemedlemene. Det blir lagd eit hus i papp som bileta henge på. I dette huset kjem det av og til venner og besteforeldre inn og. På den måten kan barna få forståing for kvar dei kjem ifrå. Bokn barnehage brukar kartleggingsverktøyet "alle med" som ei rettesnor når vi har foreldresamtalar.



Medverknad:

Barns rett til medverknad er nedfelt i FNs barnekonvensjon artikkel 12. nr. 1. I Bokn barnehage gjer vi barna anledning til medverknad og påverknad på eigen situasjon ut frå alder og modning. Dei skal og ha påverknad på barnehagens indre liv. Det er dei vaksne som har ansvaret, men gjennom god kommunikasjon og daglege samtalar skal barna ha innflytelse på kvardagslege val som f. eks. kva dei skal ete, og kva dei skal gjere/leike med i løpet av dagen osv. Gjennom varm relasjonsbygging, og det å anerkjenna kvart enkelt barns behov, får dei vere med å bestemme aktivitetar. Dei vaksne tar utgangspunkt i barnas interesser når planar blir lagt, og prosjekter skal gjennomførast. Vi skal også jamleg snakke med barna om reglar vi har, og kvifor dei må vera ein del av kvardagen vår. Barn skal også medverke, bidra og hjelpe gjennom aktivitetar

som oppdekking før måltid, gi beskjedar til dei vaksne, koste og holde orden på avdelinga med vidare. I vår barnehage har vi som **mål** å ha barneintervju 2 gonger i året av dei eldste barna for å kartleggje deira syn på innhaldet i barnehagedagen. Alle barna er med jamne mellomrom med på barnemøter kor det vert stilt spørsmål om trivsel, og kva barna meiner er kjekkast å halde på med i barnehagen.

Barn og sjukdom.

Ein hovudregel som er god å fylgje om ein er i tvil om barnet bør sendast i barnehagen er: "Er eg i tvil, så er eg ikkje i tvil" - då bør barnet vera heime. I utgangspunktet er det alltid barnet sin **allmentilstand** som avgjer om barnet bør vera i barnehagen eller ikkje. I tillegg kjem vurdering av om barnet bør vera heime fordi det utgjør ein **smitterisiko**. Barnehagen tek kontakt med foreldra om barnet verkar sjukt, uopplagt eller har feber slik at personalet og foreldra saman kan vurdere om barnet bør hentast.

Medisinering av barn er ikkje barnehagen sitt ansvar, og må gjerast av foreldra sjølv, eller etter avtale med helsepersonell som kan kome i barnehagen.

Dette gjeld ikkje for kronisk sjukdom - det er det egne reglar for.

Vi har innført et daglig ritual som vi kaller «Reine hender». Det var Bergen kommune som startet dette som et prosjekt i barnehagar for et par år sidan. Etter ei evaluering fant ein at sjukefråværet både hjå barn og vaksne gjekk kraftig ned. Ritualet går ut på at barn og foreldre vaskar hendene før dei går inn på avdelinga om morgningen. Det same gjer dei vaksne som jobbar her.

Når barna, foreldre og vaksne skal heim, gjennomfører ein det same ritualet.

Fødselsdagsfeiring.

Dei vaksne gjer stas på barnet ved å henge opp flagg og bursdagshelsing ved døra. Så er det samling kor barnet sit ved sida av den vaksne, og får krone og prins/prinsesseklede på. Det er sang, og ein tenner lys, og det sendast opp "fyrverkeri". Matbordet er pynta til fest, og barnet får med seg eit hefte med bilde frå festen heim. Pappkrone vert laga saman med barnet før feiringa. Bursdagsbarnet får velje lunsj ut frå ein bursdagsmeny på avdelinga for dei store barna. På Småtroll får dei osteskiver til festen.



Overgang barnehage/skule, og frå Småtroll til dei store avdelingane.

«Barnehagen skal i samarbeid med skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule.» Sitat tatt frå s. 33 i Rammeplan for barnehagen av 01.08.2017.

Mål: - Å forberede barna på skulekvardagen, og å få «mjuke» overgangar innad i barnehagen.

Vi har førskulegruppe ein gong i veka det siste året før skulestart. Her set vi fokus på å lytte til kvarandre, snakke ein og ein, vente på tur, meistre å sitte stille. Det blir trena på å få med seg informasjon som vert gitt i gruppe i tillegg til skulerelaterte oppgåver. Vi legg også vekt på at dei minste barna skal få ein god og trygg overgang til dei store avdelingane. Derfor får dei kome på besøk til dei store av og til i vårhalvåret. Dei mindre vert også med dei eldre barna på turar for at dei skal gradvis verte trygge på alle dei vaksne på dei avdelingane med større barn.

Barn med spesielle behov.

Barn med spesielle behov skal sikrast eit tilpassa barnehagetilbod i samsvar med sakkyndig tilråding frå PPT. Opplegget skal pregast av gode og positive opplevingar, og fokusere på moglegheiter og barnet sine ressursar.

Meistringsfølelsen skal stå i fokus med hjelp av dei ekstra ressursar som blir tilrådd barnet.

Tospråkelege barn/barn frå andre kulturar.

Barnehagen sitt **mål** er å leggje grunnlaget for ein aktiv tospråkeligheit hos minoritetsbarna. Språket visar identitet og gruppetilhøyrse, og er eit verkty for tankane. Dette er ei ansvarsfull oppgåve i eit stadig meir fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal søke å imøtekomme forståelse for andre kulturar gjennom å sette seg inn i og vidareformidle dei tospråkelege sin kultur.

Dette kan gjerast gjennom bruk av bøker og sangar, og vi har flagg frå dei forskjellige landa. Dette gjev dei tospråkelege barna identitetstilknytning til kulturbakgrunn og eige morsmål.

Nærmiljøanlegget



Mål: Bokn barnehage ynskjer å ta inn assistentar som snakker barna sitt morsmål, og som kjenner kulturen deira. Dette gjev støtte til barna i integreringsprosessen deira, og assistenten kan også bistå barnehagen i kontakten med foreldra. Det er og viktig at alle barna lærer om dei kulturane som invandrerbarna kjem frå. Dei vaksne skal lære alle barna om verdier som toleranse og inkludering.

HMS - arbeidet i vår barnehage.

Barnehagen har oppretta egne rutinar for å tilfredstilla dei krava som blir stilte til helse, miljø og sikkerheit i verksemda. Vi har nedskrivne prosedyrar og retningsliner for det som kan hende av avvik. Vi har ein eigen HMS-perm som alle tilsette skal lese i gjennom minst ein gong i året. Avvik og ulykker blir registrert på eige skjema, og tiltak blir sett i verk. Barnehagen sin styrar og verneombud skal gå vernerunde ein gong i året - kor ute og inne-miljø vert sjekka for farar for barn og vaksne. Brannøvingar med logg blir gjennomført 3 gonger kvart halvår. Haugaland HMS (nå AktiMed) hjelper oss i HMS-arbeidet. Dei vaksne vert kursa i førstehjelp ein gong i året. Førstehjelpsutstyr, telefonlister og mobilar skal vera med på alle turar. Barnehagen har egne tur-reglar.

Forsikring: Alle barn og vaksne er forsikra i barnehagen si opningstid.

Praktiske opplysningar.

Barna skal alltid ha to heile klede-skift liggjande i barnehagen. Vi bur i ein landsdel kor veret skiftar fort, og det er mogleg at eit barn då må skiftast på frå innerst til ytterst eit par gonger på ein og same dag. Me må alltid ha relevant fottøy tilgjengeleg. Det vil seie at støvlar skal vere her kvar dag. Ulltøy innerst om vinteren i tillegg til gode utedressar er viktig, fordi vi er mykje ute. Det er foreldra sitt ansvar å halde orden i barna sine garderobehyller, og ta med alle klede heim til vask kvar fredag. (Regntøy og dress). Foreldra må skrive under på om barnehagen kan ta barna med til stranda, i buss og i bil. Då er det ei forutsetning at lovar og reglar som regulerar slike turar vert fylgde.

